

— — — —
Andre natten ligger vi i hytta.

Jeg får ikke sove. Men sengen er god, intet i veien med den.

Så sitter jeg med et ark foran meg i lyset av en parafinlampe og vil feste mine inntrykk på papiret. Det blir en tradisjonel søvnløs natt der jeg skriver for nordavinden og ilden, — for ingen og for meg. Bilde etter bilde glir forbi min indre verden som med mishag prøves gjengitt på papiret. Du må ikke besvære deg, det fører kun til uro og misnøye med deg selv.

Ute er det natt og inne er det natt og i deg er det natt, bildene lyser om natten men blekner bort om dagen. Og bilder med levende farger er en stadig gledende strøm. Tar aldri strømmen slutt? Blir den ikke ferdig før evighetsklokkene ringer?

En jernlenke holder meg festet til bord og stol. Jeg er ikke istand til å fri meg fra den.

Men det jeg har nedtegnet blir omsider mitt, flettet sammen med ord fra lange søvnløse netter og opplevd i høykoret i ødemarkens egen, store kirke.

Så har jeg funnet fred og ro i de dype, mørke skoger og de milevide snaublåste vidder. Et sammenhengende bånd, en filmrull har drevet forbi mitt indre øye og funnet plass på et stykke papir. Bildene har glødet og spilt for meg i levende farger. — — —

— Morgenlyset siver inn gjennom de små, bulkete glassruter. Og mitt ønske i denne stund er å få leve skoggangsmannens sunde helseskapende liv i mange år ennå, oppleve de dype skogers og blånende fjellvidders orgelbrus, der fjellbjørka suser i vinden og der ranke graner står som loddrette kirkespir mot zenit.

På fjelltur i augustsol

INGE GODTLAND

Den eine helga vakrere enn den andre fristar umåtelig til å ta ein fjelltur, og når molta attpåtil så smått tek til og modnast, har ein i allefall ein gyldig årsak til å stikke av fra bygdelivet ein dags tid. Dette vart og gjort sist søndag, og det som ein trøng for turen vart pakka i ryggsekken. Bærkoppar tok ein med, men ein hadde likevel ikkje så stort håp om å få fylt dei, — men tok likevel det gamle ordet med seg: Det er betre å ha, enn å ynskje etter, — og dermed vart det nok koppar med.

Det bar på dei gamle traktane som ein traska mang ein gong som smågut, anten i lag med kyrne, på tur etter bær, eller ein skulle opp på Gråhøtelene for å take mose. Om ikke alderen vår er akkurat så høg enno, kjem vi i hug at det vart teke mose til kufor om haustane. Dette vart seinare køyrd ned på vinterføre, eit slit både for mann og hest, og mange gonger laut ein måke veg på kilometervis for å ha sjanse til å få ned dette dyrebare foret frå fjellviddene.

Det viser seg, at når vi kjem på dei gamle traktene er den gamle mosevegen ennå å sjå, men jamen har det vokse att mykje sidan moselassa gjekk her. Krøtter fins det heller ikkje som held dei gamle stigane åpne, og dette gjer då at dei og veks att.

Når ein pratar om vokster, vises det vel på graset i skog og mark at beitedyra vert fåare og fåare. Det er slikt eit beite all stader, at hadde gammelkarene levd, ville dei nok skjefte opp at jåen og gått i veg på skogengslått. Ein hugsar og den tida, då det vart slege så fram det vart ei «sautugge» ut av ljåhogget. Tida har snudd seg, og forberginga har vorte lettventare, og godt er no det.



Kaffekos.

Foto: Inge Godtland.

Skjorta hong ikkje lenger på kroppen i den varmen som var, så ho vart smetta inn under ryggsekklokket nokså snart. Enda rann svetten der ein gjekk og leita etter molta. Molta ja, ho har ein mystisk evne til å få folk til å gå mann av huse for om mogleg å finne noko så ein får på julekveldsbordet. Like sjølvsaugt som lutefisken og mjølksuppa, har og moltekremen vore dessert på eit tradisjonelt vis julekveldsbord gjennom årtider. Denne gyldne bæra har ein eigen sjarm, og ein skal helst ikke fortelja andre kvar ho er å finne. Nei, slike ting må ein halde for seg sjølv. Kartplukkinga med dertil høyrande «skinnfellmolte» har vel forekome til alle tider, men no vert det sett nokså strengt på dette, og kan resultere i bøter. Ikkje for det. Det kan vel ikkje vera noko fornøyelse i å plukke karten heller, dersom han er så hard at det smell i spannet. Dei om det, som driv denne sporten.

Elgen har eit eldorado i alt dette beitet som står i skogen og det er ikkje vanskeleg å sjå at han hadde vore til stades. Både senger og far vitna om at skogens konge nok er der han i alle årtider har hatt sine rekster. Noko anna vilt såg vi lite far etter, for ikkje å seie ingen ting.



Gjevillvasshytta.

Foto: Inge Godtland.

To ryper var det heile vi kunne sjå denne dagen. Derimot såg vi andre folk som var ute i same erend som oss, og dei var også oppteken med si plukking, og lettkledd i godværet.

Når ein går slik i myrer og kjerr blir en kaffetyrst, og om ei stund grov vi fram den velbrukte, svarte kaffekjelen av sekken. Vatn frå eit oppkom, dugeleg med kaffekorn, noko turr kvist, litt never og ei fyrstikke, då har ein oppskrifta i eit nøtteskall.

Det er aldri så god kaffe å få nokon stad som i fjellet, når ein får koke den over åpen varme, og av friskt fjellvatn. Sjølv om ein til dagleg ikkje er overbegeistra for nistemat, vert det noko helt anna dette og, når ein kjem til fjells. Kaffen smaka godt, og så var det berre til å gå laus med leitinga etter bæra att.

Det var nokså forunderleg å sjå kva som måtte ha gått føre seg på moltemyrene i år noko bær hadde vorte kvit, av di ho var for gamal, noko var passeleg moden, vidare var det stort kart, bittesmå kart som så vidt hadde knept seg. Det skulle tyde på at blomstringa hadde gått føre seg heile sommaren, avdi det var så ujamnt som det var.

Dersom alt vi såg hadde vore ferdig molte, hadde det slett ikkje vore så verst, men det vil nok ta lang tid enno før dei siste vert mogne- om dei i det hele vert det dette året. Det er berre tvilsamt. Blåbær såg det og ut til å verte noko av, men også her er det for tidlig, då mye var grønt enno.

Ein strålende dag var det, som sagt, og tida gjekk fort. Det leid snart til kvelds, og ein måtte ta heimvegen fatt. Ein får berre håpe at været held seg slik utover i lange tider enno, så ein kan få sjansen til fleire turar i fjellet.

Om det vart noko molte? Slikt seier ein ikkje som kjent, men moltekremen på julekveldsbordet vart i allefall berga, og då får det væra som det vil med resten.

Dronningens Krone — 1800 meter over våren

EVA BRATHOLM

— Det er den kjente engelske fjell-mannen Slingsby som ga fjellet det navnet. Han besteg en mengde norske fjell rett etter århundreskiftet, bl.a. var han i Vinnufjella i Sunndalen. Navnet har levet på folkemunne i alle år, da kanskje mest som «dronninga», men det er først de siste årene at det er kommet med på kartet, forteller Olav Innerdal, sagnomsust vert på Innerdalshytta og klatrer i Sunndalsfjella.


En skitur til Dronningens Krone er ingen klatretur, men for en flatlandsbeboer er det bratt nok. Fra dalbunnen i Virumdalen er det ca. 1600 meter bratt opp til toppen. De første passerer gjerne med skiene på nakken opp igjennom tett krattskog, i disse dager i vakker vårprakt. Senere kommer skiene på og så er det å klistre seg inntil fjellsida på skrå og legge i veg.

Skiføret er over all forventning i disse dager, til tross for en sein vår er det imponerende med fast klisterføre i slutten av mai. Nå bør man riktignok starte i 6—7 tiden om morgenen før sola får stekt på snøen, men en deilig morgen i fjellsida er det verdt å stå opp tidlig for. Dessuten kan sola være brutal mot ansiktet utover dagen, når refleksjonen fra snøen kommer i tillegg til det skarpe solskinn.

Vinnufjellet eller Sandvikhaugen som selv ryggen heter, består heldigvis av flere platåer, men ei lang og meget bratt fjellsida skal forseres. Denne «bratta» har imidlertid det til felles med andre fjellsider at en strålende utsikt venter som belønning på toppen. Fra Sandvikhaugen, som kanskje hadde fortjent et mer imponerende navn enn -haugen, kan man se utover hele Sunndalsfjella og Trollheimen.

Akkurat i det man sliter seg de siste metrene opp dukker Innerdalstårnet uventet opp i horisonten og lokker en de siste metrene opp. Da venter de kjente silhuetene under en, — Snota, Bjøråskaret, Neådalsnota, Blåhø og i det fjerne skimtes Trollhettas to topper.

Vi er nå ca. 1600 meter over havet og adskillige over våren, men Dronningens Krone ligger fortsatt over oss. En vill og alpin krone som rager opp i himmelen. Invertfall så høyt opp at vindbuksa, anorakkhetta og vottene må på.



Veiviseren utenfor Gjevillvasshytta.
God tur!

Foto: Inge Godtland.